

## **Referat styremøte Frivillig Rogaland 30. august 2021 kl 10.00-13.00**

Møtestad: Byhaugkafeen, Carl Sundt Hansens gate 15, 4024 Stavanger

Møteleiar Andrine Kallåk Homme. Referent: Åsmund Sigmundstad

Deltakarar: Andrine Kallåk Homme, Guri Tysse, Linn Skjold Økland, Bjarte Bjørnsen, Eli Wallentinsen Haaland, Åsmund Sigmundstad. Linda Thorsvik deltok via Teams.

Forfall: Simon Næsse, Merthe Elin Kvia

Sak nr.:

### **31/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Godkjent

### **32/21 Godkjenning av referat frå styremøte 19. april.**

Vedtak: Godkjent.

### **33/21 Stoda «der ute» ei kort orientering frå kvar nettverksgruppe v/nettverksleiarane**

Nettverksleiarane orienterte.

### **34/21 Økonomi. Linn orienterte.**

-I september vert det sendt ut krav til frivilligsentralane om innbetaling av kontingent.

-To trinnsgodkjenning: Styreleleiar godkjenner beløp som kasserar har lagt til utbetaling i nettbanken.

### **35/21 Handlingsplan og årshjul 2021**

SUFR; Dagsamling på Klepp, utsett frå våren til hausten

SUFR; Studietur med overnatting til Kristiansand, komite nettverk Jæren, utsett

-**Bjarte** kallar inn Merthe, Linda og Åsmund til nettverksleiar møte for å avklare korleis SUFR møte skal arrangerast i løpet av hausten.

Nettverksgruppemøter: Kvar gruppe avtalar møteplan sjølv, planlagte møter i aug/sept.

Lyttevenkonferanse 20.9, Frivillig Rogaland fører rekneskap for dette arrangementet. Styret tildeler inntil kr 8000 til gjennomføring av konferansen i tillegg til kr 8000 som tidlegare er tildelt (rest 2020)

Kurs aktive sammen 6.10, Frivillig Rogaland fører rekneskap for dette arrangementet.

Konferanse fysisk aktivitet og fellesskap, komite: Heidi Reiersen m fl., utsett til 2022.

Innsending av rapport partnerskapsmidler til fylkeskommunen 66000+172000, desember.

-**Linn og Åsmund** lagr ein rapport som vert lagt fram på styremøtet i november.

Innsending av rapport bruka av ekstramidler fylkeskommunen kr 200.000, desember.

-**Linn og Åsmund** lagar ein rapport som vert lagt fram på styremøtet i november.

Inspirasjonssamling for frivillige 6.12, komite nettverk Nord Rogaland.

Styremøter 22.11 og 10.1.

### **36/21 Folkehelsemidlar 2021 orientering om framdrift**

Frivillig Rogaland har tildelt kr 172.000,- til bruk i 2021. I tillegg er det kr 66.000 som skal brukast i 2021 som er restmidlar frå 2020. Det meste av restmidlane er tildelte midler til aktivitetar som er utsett til 2021 på grunn av pandemien.

**Vedtak:** Linn og Åsmund sender ut påminning til frivilligsentralane om innsending av rapport for dei tiltaka som er gjennomført.

### **37/21 Ekstramidlar 2021 orientering om framdrift**

Frivillig Rogaland har fått kr 200.000. Framdriftsplan innsendt til fylkeskommunen:

- Kartlegging av behov og kompetanse med repr frå Wis, Nettverksgruppene, jan-mars
- Auka kunnskap i bruk av Invi med support Wis, Nettverksgruppene, april, mai, sept, okt
- Kunnskap om ulike digitale løysingar, seminar på Teams 19.5, gjennomført.
- At flest mogleg av frivilligsentralane tar i bruk gode digitale verktøy for å synleggjere frivillige organisasjonar innan 1. juli. Med støtte frå Frivillig Rogaland.
- Styrkje frivilligsentralane sin bruk av digitale verktøy, dagsamling i aug/sept med support frå Invi.
- Evaluering og vidare utvikling, førebuing til frivillighetens år 2022, november.
- Rapportering til fylkeskommunen, desember.

-Deling av kunnskap, Frivillig Rogaland deler erfaringar på konferanse med fylkeskommunen i 2022

**Vedtak:** Linn og Åsmund sender ut informasjon til frivilligsentralane om utbetaling av støtte bruk av digitale verktøy for å synleggjere frivillige organisasjonar.

Nettverksleiarne har ansvaret for at det vert arrangert ei dagsamling med support frå Invi i sept/okt.

### **38/21 Ny partnerskapsavtale med fylkeskommunen**

Frivillig Rogaland har motteke avtaleutkast som skal til politisk behandling i fylkesutvalet før den vert signert i haust/vinter. **Vedtak:** Styret tok avtalutkastet til orientering.

### **39/21 Årssamling m/årsmøte 2022**

**Vedtak:** Årssamling Frivillig Rogaland vert 17.2.2022 på Rennesøy.

Guri Tysse spør om Jonny Prøis kan ha eit musikkinnslag.

### **40/21 Handlingsplan og årshjul for 2022**

Dette skal vere klart i løpet av november 2021 fordi handlingsplan skal leggjast ved til fylkeskommune i desember.

**Vedtak:** Styret gjer i oppgåve til nettverksleiarane å utarbeide et forslag til handlingsplan med årshjul som vert lagt fram for styret den 22. november.

#### **41/21 Eventuelt**

-Frivilighetenes år 2022: Det vert opp til den enkelte frvilligsentral/ kommune å markere dette. Det kan vurderast om Frivilig Rogaland skal markere frivilighetens år på årssamlinga i februar og/eller inspirasjonssamlinga i desember.

-Sykkelturen 2022: Det vert opp til den enkelte frvilligsentral/ kommune å delta på dette.

-Høyring ny forskrift friviligsentraler: Dette er noko som kan drøftast i nettverksgruppene. Det er opp til kvar frvilligsentral/ kommune å gi ei uttale på høyringa.